



Dei to skulekorpsa har hatt intense øvingar saman i Aktivitetshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Førebuingane til drømmekonserten med topptrompetist Frank Brodahl og skulekorpsa i Rosendal laurdag og Uskedalen søndag er på veg inn i siste fase

Det er Norges Musikkorps Forbund som har sluppet konserten gjennom nålauga og gjeve han status som "drømmekonsert". Tittelen på konserten er "Gonna fly now" med undertittelen "Frå trompet til tuba. Ei tonereise frå dal til dahl".

Bilettane blir selde ved inngangen og for å unngå kø er det fornuftig av publikum å vera ute i god tid.

Brodahl skal vera solist saman med dei 40 veltrimma skulekorpsmusikantane. Rosendal og Omland Jazzverk deltek også i to-tre av nummera.

Brodahl tok dei første trompet-tonane sine i Sandnes Musikkule midt på 1970-talet. Sidan har han utvikla seg til å bli ein av landets beste trompetistar og har spela med mange store namn både i inn- og utland. I den seinare tida har han vore ofte å sjå på TV-skjermen. Han har mellom anna dei siste åra delteke i den store idrettsgallaen på Hamar og denne våren har han spela under "Den store klassefesten".

I konserten til helga vil han vera solist i om lag halve programmet.

Storbandmelodiar og jazzinspirerte klassikarar står på programmet og Brodahl har arrangert nokre av melodiane spesielt med tanke på dette programmet. Den kjende tubaisten Pål Magne Austnes har spesialarrangert ein melodi. Alt er publikumsvennleg musikk, Vanskegraden på ein del nummer er høg, men dei unge musikarane har imponert under øvingane.

- Alt tyder på at det vert underhaldande konsertar av høg kvalitet, eit program for det store publikum, skriv arrangøren.